

Planmelding 03/2014

1. Høring og offentlig ettersyn av kommuneplanen sin arealdel

Formannskapet har i møte 04.06.2014, sak 49/2014 godkjend framlegg til revidert arealplan for Meland kommune for utlegging til offentlig ettersyn og høring, jf plan- og bygningslova § 11-14:

Kommuneplanens arealdel 2014 – planID 1256 201, arkivID 14/458

Framlegget byggjer på dei føringane som er gjeve i kommuneplanen sin samfunnsdel og planstrategi for Meland kommune. Plandokumenta omfattar kart, føresegner, konsekvensutgreiing m.m. Arealplanen femner om både land- og sjøareal og gjev rammer for utnytting, bruk og vern. Opne møte vil bli holdt i slutten av høyringsperioden og vert annonsert ved eiga kunngjering. **Høyringsperioden er frå 01.07 til 01.10.2014.**

2. Høring og offentlig ettersyn av reguleringsplan

Utval for drift og utvikling har godkjend følgjande framlegg til plan for offentlig ettersyn og høring, jf plan- og bygningslova § 12-10:

Bergotunet (detaljplan) – planID 1256 2011 0002, arkivID 14/2011

Detaljregulering av o.a. butikk, bustad og trafikkareal på Vikebø / Rosslund. Etter offentlig ettersyn er det gjort endringar knytt til trafikkareala med eit slikt omfang at det er naudsynt med nytt, men begrensa offentlig ettersyn. Berørte partar vert direkte varsla.

E39 over Flatøy (detaljplan) – Endring – planID 1256 2011 0007, arkivID 14/1277

Planen skildrar og legg til rette for etablering av midtdelar på E39 over heile Flatøy. Knytt til dette tiltaket ligg mellom anna areal for grunnavståing, deponering, støyvurdering og utforming av avkøyrsløse. Endringa legg til rette for eit noko større areal for omkøyringsveg og riggområde. Endringa er mindre og berørte partar vert direkte varsla.

Høyringsperiode

Framlegg til planane **Bergotunet** og **E39 over Flatøy** er utlagt til offentlig ettersyn i **perioden frå 18.06 til og med 15.08.2014.**

3. Eigengodkjenning av plan

Meland kommunestyre har i møte 09.04.2014, sak 25/2014 gjort vedtak om godkjenning av følgjande reguleringsplan, jf plan- og bygningslova § 12-12:

Områdeplan for Frekhaug – planID 1256 2010 0004, arkivID 14/1181

Målet med planen er å styrke og vidareutvikle Frekhaug som kommunesenter og legg til rette for sentrumsutvikling.

Verknad av vedteken plan

Godkjend reguleringsplan er, etter pbl § 12-4, straks bindande for alt arbeid, alle nye tiltak og utviding av eksisterande tiltak innafor planområdet, jf pbl § 1-6. Tiltak etter § 1-6, 1. ledd, herunder bruksendring etter § 31-2, jf og § 1-6, 2. ledd, må ikkje være i strid med planens arealføremål eller føresegner. Planen er styrande for avgjerd av søknad om tillatelse eller forståing av tiltak etter § 20-1, 1. ledd, bokst. a) til m), jf §§ 20-2 og 20-3.

Krav om erstatning i medhald av pbl § 15-3 og krav om innløyising etter § 15-2, må vere framsett seinast 3 år etter denne kunngjeringa.

Godkjenninga av planen kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland, jf pbl §§ 12-12 og 1-9. Klagefristen er 30 dagar frå kunngjeringsdato. Klagen skal stilast til Fylkesmannen, men skal sendast til Meland kommune.

Tilgjengeleg plandokument og arkiv

Ein finn planane lagt ut i resepsjonen på rådhuset eller i digitalt planarkiv. Offentlege partar, organisasjonar og grunneigarar som er berørt vert varsla særskilt.

Planane er og tilgjengeleg i digitalt planarkiv. Ein finn link til BRAPLAN på www.meland.kommune.no. Velg Meland kommune under eigar og nytt planID, arkivID eller plannamn til søk.

Skriftlege merknader i alle plansaker sendast til Meland kommune, Tenesteområde for Plan, utbygging og kommunalteknikk, postboks 79, 5906 Frekhaug eller postmottak@meland.kommune.no